



Bjørn Naterstad frå Uskedalen sit midt i trombonegruppa

Sist helg hadde Hordaland Ungdoms Brass Band (HUBB) siste samlinga si for sesongen. Denne gongen samlast dei i Bergen, nærare bestemt på Krohnengen skole. På samlinga var det fire kvinnheringar, blant dei uskedalingane Bjørn Naterstad og Vegard Døssland.



Kornettgruppa med Vegard Døssland frå Uskedalen og Vegard V. Skåle frå Rosendal som nummer 2 og 3 frå høgre i andre rekkja. Som vanleg inneheldt samlinga mykje øving ispedd ein solid dose med sosiale aktivitetar. Lørdag hadde korpset utekonsert på Vågsallmenningen. Publikum strøymde til etter kvart som brassmusikken tona over byen, og det vart ei flott oppleving både for publikum og dei unge musikarane i det strålende veret.

Alle samlingane vert avslutta med konsert. Slik var det også denne søndagen. I det nydelege veret hadde dei valt å leggja konserten utandørs. Uteområdet på Krohnengen skole gav ei fin ramme til musikken, og det frammøtte publikum fekk, som alltid, oppleve ein konsert på høgt musikalsk nivå, og med høg undehaldningsfaktor, frå HUBB. Ved slutten av konserten vart fire medlemmer tildelt rose og takka for innsatsen av "mor" og "far" i korpset, Kjersti Pisani og Ole Johan Aarlie. Dei fire har nådd aldersgrensa og hadde si siste samling med korpset. HUBB består som kjent av i overkant av 40 musikarar i alderen 14-20 år frå heile Hordaland.

Dirigenten på denne samlinga var henta frå København. Han heiter Andreas Lien Røe, og han hadde tydelegvis hatt ei god arbeidshelg med ungdommane.

HUBB har hatt fire ordinære samlingar denne sesongen. Dei har også vore på Tertnes, i Rosendal og på Manger. Høgdepunktet var nok likevel då dei spela for om lag 1600 publikummarar i Grieghallen på festkonserten på Hordablæsten.

-Det var utruleg liv og stemning i salen. Kunne nesten tru vi var på Brann stadion, meddelte musikantane om opplevinga etterpå.

Neste samling vert i Vik i Sogn i september saman med Sogn og Fjordane Brassband. Dirigent då vert velkjende Helge Haukås. Det vert innleiinga på ein sesong som etter planen skal avsluttast med konsertturnè til Danmark, Tyskland, Frankrike og Nederland sommaren 2009. Ungdommane i HUBB har mykje å gle seg til.



Heile korpset under avslutningskonserten søndag.